



**Referanser:** KM-sak 06/18, KR-sak 41/20, KR-sak 62/20, KR-sak 56/20

**Arkivsak:** 20/03956-3

## **Særskilte reglar for digital førehandsstemming**

### **Samandrag**

Kyrkjerådet undersøker om det er mogleg å få til førehandsstemming på internett. Det vil truleg vere ei stor forbetring av valgjennomføringa, og det er difor ei hovudsatsing i arbeidet fram mot neste kyrkjeval.

Det er allereie heimel for at Kyrkjerådet kan gi reglar om førehandsstemming på internett i kirkevalgreglene § 9-6 (2). I denne saka blir det foreslått særskilte reglar for digital førehandsstemming. Desse reglane må vere på plass før det kan lysast ut anbod for system for digital førehandsstemming. Forslaget til reglar har vore sendt på ei avgrensa høyring. Det kom inn 14 høyringssvar.

I saksdokumentet kjem ein inn på både prinsipielle spørsmål, som korleis sikre hemmeleg val når veljarane kan stemme på internett, og praktiske og tekniske spørsmål. Digital førehandsstemming vil gjere det lettare for veljarane å delta ved valet, og kan auke valdeltakinga. Det vil også forenkle arbeidet med valet lokalt, mellom anna ved at det blir færre stemmesetlar på papir å telje opp. Det er likevel viktig at digital førehandsstemming blir gjort på ein sikker måte og at ein tek vare på viktige prinsipp for val.

### **Framlegg til vedtak**

Kyrkjerådet fastset med heimel i regler 20. april 2018 nr. 584 om valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet (kirkevalgreglene) § 9-6 (2) og lov 24. april 2020 nr. 31 om tros- og livssynsamfunn (trossamfunnsloven) § 12 annet ledd følgjande reglar for digital forhåndsstemming:

### **§ 1. Formål. Virkeområde**

(1) Formålet med disse reglene er å legge til rette for at medlemmene av Den norske kirke skal kunne velge sine representanter til menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet ved å avgi elektronisk stemme over internett.

(2) Disse reglene gjelder internettstemmegivning under forhåndsstemmegivningen.

### **§ 2. Forholdet til kirkevalgreglene**

(1) Med mindre annet er bestemt i disse reglene, gjelder bestemmelsene i kirkevalgreglene.

(2) Europarådets rekommandasjon CM/REK (2017) 5 om standarder for elektronisk stemmegivning skal legges til grunn så langt de passer, med følgende unntak: Vedlegg I Standarder for e-valg pkt. 27 og 35-39 gjelder ikke.

### **§ 3. Definisjoner**

Ved internettstemmegivning legges følgende definisjoner til grunn:

- a. Stemmeseddel: med stemmeseddel i kirkevalgreglene menes også elektronisk stemmeseddel.
- b. Digitalt valgsystem: systemet som brukes til internettstemmegivning.
- c. Ukontrollert omgivelse: med ukontrollert omgivelse menes at stemmegivningen skjer utenfor valglokalet og uten at valgfunksjonær er til stede.
- d. Kontrollert omgivelse: med kontrollert omgivelse menes at stemmegivningen skjer i valglokalet der valgfunksjonærer er til stede.
- e. Autentisering: verifisering av identitet, slik at velgeren kan logge seg inn på i-valgsystemet.
- f. Kryptering: å gjøre informasjon uleselig på en måte som gjør at informasjonen kun kan gjøres leselig om man har tilgang til en dekrypteringsnøkkel.
- g. Dekryptering: å gjøre kryptert informasjon leselig ved bruk av en dekrypteringsnøkkel.

### **§ 4. Prinsipper**

- a. Følgende prinsipper legges til grunn: Internettstemmegivning er et supplement til stemmegivning med stemmesedler av papir.
- b. Velger som har avgitt elektronisk stemme skal kunne stemme flere ganger, likevel slik at det kun er én stemme som godkjennes, jf. § 8.
- c. Det skal brukes en identifiserings- og autentiseringsløsning for pålogging til det digitale valgsystemet på minimum sikkerhetsnivå 4.
- d. Velger skal etter endt stemmegivning kunne få bekreftelse på at stemmen er avgitt korrekt.
- e. Utenforstående og valgmyndighetene skal ikke ha mulighet til å få kunnskap om hva den enkelte velger har stemt.
- f. Det skal ikke være mulig for utenforstående, systemet og valgmyndighetene å endre en velgers stemmegivning uten at dette kan oppdages.
- g. I det digitale valgsystemet skal valglistene presenteres for velgerne i alfabetisk rekkefølge.
- h. Informasjon om krav til løsningen og hvordan det digitale valgsystemet virker skal gjøres offentlig kjent.

### **§ 5. Internettvalgstyret**

(1) Det oppnevnes et internettvalgstyre på nasjonalt nivå som skal påse at internettstemmegivningen og opptelling av internettstemmene skjer i henhold til regelverket. Kirkerådet oppnevner fem faste medlemmer og fem personlige varamedlemmer. Kirkerådet utpeker leder av internettvalgstyret.

(2) Internettvalgstyret skal:

- a) påse at internettstemmegivningen og opptelling av internettstemmene skjer i henhold til regelverket
- b) sørge for at kryptografiske nøkler behandles forsvarlig,
- c) sørge for dekryptering og opptelling av stemmer, jf. § 9 (3)

- d) undertegne protokoll, jf. § 10
- (3) Internettvalgstyret kan, dersom en hendelse inntreffer som kan medføre at valget ikke kan gjennomføres i samsvar med regelverket, bestemme at velgerne ikke skal kunne avgi stemme over internett. Dersom det treffes slikt vedtak og det på dette tidspunktet er avgitt internettstemmer, tar internettvalgstyret stilling til om disse skal forkastes.
- (4) Regler 14. november 1997 nr. 1541 for Kirkerådets virksomhet gjelder så langt de passer for internettvalgstyret.
- (5) Kirkerådets sekretariat fungerer som sekretariat for internettvalgstyret.

### **§ 6. Forberedelse til internettvalg**

- (1) Kirkerådet skal innen utgangen av juli i valgåret sørge for at installasjon og basiskonfigurasjon av det digitale valgsystemet er gjennomført korrekt.
- (2) Kirkevalgreglenes bestemmelser om manntall gjelder tilsvarende med følgende presiseringer:
- a) Kirkerådet sørger for at det blir utarbeidet et elektronisk manntall til bruk ved den elektroniske stemmegivningen.
  - b) Valgmanntallet skal ikke legges ut til offentlig ettersyn i elektronisk form.
  - c) I tillegg til mulighet for kontroll i manntallseksemplar som legges ut til offentlig ettersyn i henhold til kirkevalgreglene § 2-11, får velgerne tilgang til å kontrollere egen manntallsoppføring via internett ved å autentisere seg i det digitale valgsystemet.
- (3) Kirkerådet skal i det digitale valgsystemet utarbeide elektroniske stemmesedler for alle godkjente valglistor før forhåndsstemmegivningen starter.

### **§ 7. Informasjon om lister og kandidater**

Ved digital forhåndsstemming skal velgerne få informasjon om lister og kandidater som fastsatt i kirkevalgreglene.

### **§ 8. Stemmegivningen**

- (1) Velgere som ønsker det kan avgi stemme elektronisk over internett (ukontrollerte omgivelser) ved å logge seg på det digitale valgsystemet fra 10. august kl. 0900 til og med utgangen av onsdag før valgdagen.
- (2) Kirkevalgreglene § 9-4 (1) gjelder ikke. I stedet gjelder: Velgeren skal selv påse at stemmegivningen gjennomføres usett av andre.
- (3) Hvis elektroniske stemmer skal avgis i kontrollerte omgivelser skal velgeren kunne gjøre sitt valg i enerom og usett. Der det har vært annonsert at det skal avholdes forhåndsstemming må velgeren alltid kunne avgi forhåndsstemme på papir.
- (4) Velgeren skal legitimere seg overfor det digitale valgsystemet gjennom autentiseringsløsningen.
- (5) Etter autentisering får velgeren tilgang til å avgi elektronisk stemme.
- (6) Kirkevalgreglene § 9-4 (2) - (7) gjelder ikke.
- (7) En velger som har avgitt elektronisk stemme tidligere kan stemme på nytt elektronisk over internett. En velger som har avgitt elektronisk stemme kan ikke stemme på nytt med stemmeseddel av papir i et valglokale. Hvis en velger avgir stemmegiving i forhåndsstemmeperioden både på papir og digitalt vil den digitale stemmen godkjennes.
- (8) Dersom velgeren har avgitt flere elektroniske stemmegivninger, er det den sist avgitte stemmegivning som skal godkjennes.

## **§ 9. Dekryptering av elektroniske stemmer. Godkjenning av stemmegivninger og stemmesedler. Opptelling.**

(1) Kirkevalgreglene § 14-6 gjelder ikke for stemmer avgitt elektronisk. I stedet gjelder følgende: Etter at den digitale stemmegivningen er avsluttet, skal avgitte elektroniske stemmer dekrypteres. Før dekrypteringen skal de elektroniske stemmene klargjøres. Ved klargjøringen skal det gjøres korrigeringer for stemmer fra velgere som har stemt elektronisk flere ganger. Resterende elektroniske stemmer dekrypteres.

(2) Dekryptering

- a) Internettvalgstyret skal forestå dekryptering av de elektroniske stemmene.
- b) For å sikre at ingen enkeltperson er i posisjon til å dekryptere stemmer, skal hver av medlemmene tildeles deler av nøkler, som må settes sammen med de andre medlemmenes deler for å dekryptere avgitte stemmegivninger.
- c) Minimum tre medlemmer fra internettvalgstyret må tre sammen for å konstruere dekrypteringsnøkkelen.

(3) Godkjenning av stemmegivninger og stemmesedler

- a) Kirkevalgreglene § 14-1 (3) gjelder ikke. I stedet gjelder følgende: Prøving av stemmegivninger avgitt elektronisk foretas ved klargjøring av stemmer før dekryptering etter § 9 (1).
- b) Kirkevalgreglene § 14-1 gjelder tilsvarende med unntak av § 14-1 (1) bokstav d), e) f) og g) for stemmer avgitt elektronisk.
- c) Kirkevalgreglene § 14-4 og § 14-5 med unntak av § 14-4 (1) bokstav a) gjelder tilsvarende for godkjenning av elektroniske stemmesedler.

(4) Kirkevalgreglene § 14-6 gjelder, med følgende presisering: Etter at valgstyret og valgrådet er ferdig med den endelige opptellingen av stemmesedler avgitt på papir, skal valgstyret og valgrådet legge til godkjente stemmesedler avgitt elektronisk med rettinger. Kirkevalgreglene § 14-6 (5) bokstav b) gjelder ikke.

(5) Kirkevalgreglene § 14-8 får ikke anvendelse for elektroniske stemmesedler. I stedet gjelder: Godkjente og forkastede elektroniske stemmesedler til valg av bispedømmeråd og Kirkemøtet leveres valgrådet elektronisk.

## **§ 10. Protokollering og offentliggjøring av resultat fra internettstemmegivningen**

(1) Internettvalgstyret skal protokollere resultatet fra opptellingen av internettstemmene. Resultatet skal fremgå per sokn og bispedømme og fordeles på de ulike valglistene. Protokollen skal underskrives av medlemmene i internettvalgstyret og gjøres tilgjengelig på kirkevalget.no.

(2) Kirkevalgreglene § 14-7 gjelder tilsvarende med følgende presisering: Valgstyrene skal i tillegg protokollere resultatet fra opptellingen av internettstemmene særskilt i henhold til data mottatt i valgmodulen.

(3) Kirkerådet skal sørge for at resultatene fra internettstemmegivningen blir tilgjengelige for allmennheten.

(4) Publisering av foreløpige resultater av avgitte elektroniske stemmer kan skje etter at stemmegivningen er avsluttet på valgdagen.

## **§ 11. Ikrafttredelse**

Disse regler trer i kraft 1. januar 2021.

# Saksorientering

## 1 Innleiing og bakgrunn

Kyrkjerådet undersøker for tida om det er mogleg å få til førehandsstemming på internett. Det er for tidleg å seie sikkert at dette er mogleg, men det vil vere ei stor forbetring av valgjennomføringa, og det er difor ei hovudsatsing i arbeidet fram mot neste kyrkjeval.

Det er allereie heimel for at Kyrkjerådet kan gi reglar om førehandsstemming på internett i kirkevalgreglene § 9-6 (2). I denne saka blir det foreslått særskilte reglar for digital førehandsstemming. Desse reglane må vere på plass før det kan lysast ut anbod for system for digital førehandsstemming.

Forslaget til reglar har vore sendt på ei avgrensa høyring med kortare svarfrist enn vanleg for å rekke handsaming i Kyrkjerådet sitt møte i desember. Høyringa blei sendt ut den 30. september 2020 med frist 6. november. Høyringa blei sendt til bispedømeråda, KA, Bønnelista og Åpen folkekirke. Det blei også informert om arbeidet med digital førehandsstemming og at det var mogleg å delta i høyringa på kyrkja sitt intranett, i nyhendebrevet «Nytt fra Kirkebakken» 20. oktober 2020 og på kyrkjevalet.no.

Det kom inn 14 høyringssvar, frå ni bispedømeråd (*Agder og Telemark, Bjørgvin, Borg, Hamar, Møre, Nord-Hålogaland, Oslo, Stavanger, Sør-Hålogaland og Tunsberg*), *Bønnelista, KABB - Kristent arbeid blant blinde og svaksynte, Stathelle menighetsråd og Åpen folkekirke*. Høyringssvara er lagt ut på [kyrkja.no/hoeringer](https://kyrkja.no/hoeringer).

I saksdokumentet kjem ein inn på både prinsipielle spørsmål, som korleis sikre hemmeleg val når veljarane kan stemme på internett, og praktiske og tekniske spørsmål.

### 1.1 Dagens situasjon


Ordinær førehandsstemming på papir kan skje i tida frå 10. august og fram til og med siste fredag før valdagen. Dette er same periode som ved kommune- og fylkestingsvalet. Etter reglane som dei er i dag må førehandsstemming i anna sokn enn der ein har stemmerett skje innan 1. september. Valstyret (soknerådet) har ansvar for å fastsette når det skal vere førehandsstemming og kunngjer tid og stad.

Det er heimel for at Kyrkjerådet kan gi reglar om førehandsstemming på internett i kirkevalgreglene § 9-6 (2). I høyringa som er sendt ut om overordna problemstillingar ved endring av kyrkjevalgreglane er det foreslått nokre endringar i reglane for når det må vere førehandsstemming lokalt. Dette vil komme i tillegg til eventuell digital førehandsstemming.

Det er kapittel 9 i kirkevalgreglene som regulerer førehandsstemming. Det vil vere naturleg å gå gjennom reglane her viss det viser seg å vere mogleg å få til førehandsstemming på internett. Dette er det planlagt å ta opp i sak om endringar av kirkevalgreglene til Kyrkjemøtet i 2022.

Ved kommuneval kjem stadig større del av stemmene på førehand, og i 2019 var det 51 prosent som stemte på førehand (sjå figur under). Kyrkjevalet har ikkje same

kapasitet som kommunane til å gjennomføre val i førehandsperioden og kyrkjevalet har heller ikkje førehandsstemming same stad som kommunen dei fleste stader. Dei aller fleste som stemmer på førehand ved kommunevalet møter altså ikkje kyrkjevalet når dei stemmer.



Kilde: KIFO (Rafoss mfl. (2020) Tabell 15) og SSB (<https://www.ssb.no/valg/faktaside>).

Kyrkerådet fekk tilbakemelding frå veljarar som forsøkte å førehandsstemme, som var skuffa over at dei ikkje kunne stemme samtidig med kommunevalet. Dei hadde fått med seg meldinga om at kyrkjevalet er på same tid og stad som kommunevalet. Når dette viste seg å ikkje stemme ved førehandsval, var iveren etter å delta i kyrkjevalet sterkt redusert.

Nokre veljarar har også reagert på at måten førehandsstemminga blei gjennomført på kan føre til at nokon får kjennskap til kva dei har stemt. Ordninga med førehandsstemming med stemmesetelkonvolutt og omslagskonvolutt var vanleg også ved kommune- og stortingsval tidlegare, men på grunn av nye tekniske system er den blitt mindre vanleg. Prinsippet med to konvoluttar skal likevel sikre hemmeleg val, og viss ein valfunksjonær skulle få kjennskap til kva ein veljar har stemt har han eller ho teieplikt om dette.

Ei anna utfordring med førehandsstemminga i 2019 var at det var varierende informasjon om og veldig ulike tider for førehandsstemming lokalt. Dette gjorde det vanskeleg å kommunisere om førehandsstemming nasjonalt.

## 1.2 Erfaringar frå digitale val andre stader

I førebuinga til eventuell digital førehandsstemming ved kyrkjevalet er det henta erfaring frå gjennomføring av digitale val andre stader. I Noreg vart det gjennomført forsøk med internettval i utvalde kommunar i 2011 og 2013. Dette forsøket blei ikkje vidareført. Det var også mogleg å stemme på internett ved folkeavstemming i Finnmark i 2018. Eit av dei landa som er kome lengst på internettval er Estland. Der har veljarane kunna stemme på internett sidan 2005<sup>1</sup>. Ved parlamentsvalet i 2019

<sup>1</sup> <https://www.valimised.ee/en/internet-voting/introduction-i-voting>

kom over 40 prosent av stemmene på internett<sup>2</sup>. På Åland skulle det vore gjennomført elektronisk stemming i 2019, men det blei stoppa rett før valet på grunn av feil med systemet og manglande testing (NOU 2020:6 s. 58).

Det er også henta informasjon frå vallovutvalet sin rapport «NOU 2020:6 Frie og hemmelige valg». Rapporten har eit eige kapittel om teknologi og tryggleik.

## 2 Digital førehandsstemming

### 2.1 Forslaga i høyringsnotatet

I høyringa blei det foreslått å bruke Kyrkjerådet sin heimel til å gi reglar om førehandsstemming på internett i kirkevalgreglene § 9-6 (2). Viss desse reglane blir vedtekne vil Kyrkjerådet sitt sekretariat gå vidare med eit prosjekt for å skaffa eit system for digital førehandsstemming. Prosjektet er tatt inn i Kyrkjerådet sitt budsjett og KR-sak 62/20 om digital kyrkje. Fleire av høyringsinstansane hadde meiningar om ein burde arbeide for å få til digital førehandsstemming eller ikkje, og dette er difor tatt med som eit eige punkt her.

### 2.2 Synet til høyringsinstansane

Dei aller fleste høyringsinstansane (13 av 14) er positive til digital førehandsstemming og til forslaget til reglar. *Bønnelista* og eit mindretal i *Stavanger bispedømmeråd* meiner at det ikkje bør innførast digital førehandsstemming no.

*Tunsberg bispedømmeråd*, fleirtalet i *Stavanger bispedømmeråd*, *Oslo bispedømmeråd*, *Møre bispedømmeråd*, *Sør-Hålogaland bispedømmeråd* og *Borg bispedømmeråd* er blant høyringsinstansane som uttrykker støtte til digital førehandsstemming.

*Møre bispedømmeråd* skriv:

Møre bispedømmeråd ønskjer å gjennomføre digital førehandsrøysting ved kyrkjevalet 2023 og støttar dei lov- og regelendringar som må til, slik det går fram av saksutgreinga. Føresetnaden er at ein i tillegg vidarefører tilbodet om fysisk førehandsrøysing.

*Oslo bispedømmeråd* skriv:

Oslo bispedømmeråd mener det er viktig at Den norske kirke ser på alle muligheter for å tilrettelegge bedre for at medlemmene skal stemme og at oppslutningen om neste kirkevalg skal øke. Oslo bispedømmeråd støtter at Kirkerådet arbeider vidare med digital forhåndsstemming og at høyringsnotatets vedlegg: Særskilte reglar om digital forhåndsstemming ved kirkevalg» blir lagt fram for Kirkerådet i møtet i desember 2020.

Andre som er positive er *Åpen folkekirke* som skriv:

Åpen folkekirke er (...) svært positive til de skritt som nå tas for å legge til rette for digital forhåndsstemming. Vi tror at en forståelig, trygg og sikker ordning for digital forhåndsstemming vil kunne bidra til en betydelig økning i andelen kirkevelgere som forhåndsstemmer, og derigjennom også øke den totale valgdeltakelsen. Dette vil i sin tur styrke muligheten for at alle medlemmer gis

---

<sup>2</sup> <https://www.valimised.ee/en/archive/statistics-about-internet-voting-estonia>

reell medbestemmelse over hvem som styrer i menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet.

*Nord-Hålogaland bispedømmeråd* skriv: «Først og fremst vil vi seie at det er svært positivt at det vert lagt vekt på å gjere førehandsrøysting så enkelt som mogeleg, og på den måten bidra til at deltakinga i kyrkjevalet kan haldast på eit høgt nivå.»

*Bjergvin bispedømmeråd* skriv:

Vår erfaring er at førehandsstemminga er krevjande å gjennomføra for fellesråda sine tilsette som i praksis er dei som har mest å gjere med dette. Ved kyrkjevalet i 2019 var dei nødvendige reglane om å ha to valfunksjonærar til stades ved førehandsstemming og ambisjonane om opningstid med på å gjera valet til ei ekstra stor belastning for mange administrasjonar som elles har få tilsette og rikeleg med oppgåver å ta seg av.(...)  
Ein negativ konsekvens er at kyrkjekontora går glipp av personleg kontakt med mange veljarar, ein kontakt som trass alt arbeidet vart sett på som positiv mange stader.

*Agder og Telemark bispedømmeråd* skriv:

Agder og Telemark bispedømmeråd støtter at Den norske kirke arbeider videre med sikte på digital forhåndsstemming ved de kirkelige valgene i 2023. (...) Det må fortsatt være mulig å forhåndsstemme manuelt.

*KABB* er også positive og skriv:

KABB vil på vegne av sin målgruppe uttale at dette ser veldig spennende ut. Her går kirka foran og gir syns- og lesehemmede en mulighet til å delta i demokratiske valgordninger og stemme hemmelig ved valg.

Eit mindretal i *Stavanger bispedømmeråd* stemte for følgjande vedtak:

Stavanger bispedømmeråd mener at den eksisterende ordningen for forhåndsstemmegivning, fastsatt i kapittel 9 av Regler for valg av menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet, er tilstrekkelig og ser intet behov for å benytte hjemmelen i § 9-6 (2) til å gi særskilte regler om internettstemmegivning under forhåndsstemmegivningen.

*Bønnelista* tilrår også ikkje å gå vidare med planane om digital førehandsstemming.

Bønnelista mener at det må legges opp til at det er de aktive brukerne av kirken som også velger kirkens ledere. Digital forhåndsstemming undergraver dette prinsippet.

2. Digital forhåndsstemming gir ikke menighetsaktivitet. Kirkens oppgave er ikke å oppøve demokrati. Demokrati slik vi ser det utøvd i kirken nå, er en tvangstrøye fra det offentlige. Demokratiet i kirken er frivilligheten! Da får alle være med å bruke hele seg, under påvirkning av kirkens herre Jesus, gjennom bønn og Bibelens ord.

3. Bønnelista mener at en minimum bør møte opp fysisk og personlig for å stemme i kirkevalget og at kirkevalget skal arrangeres i forbindelse med gudstjenester og evt andre menighetsarrangement. Når det gjelder mulighet til forhåndsstemming, kan en for eksempel ha en nasjonal forhåndsstemmingsuke/dager der det er mulig å forhåndsstemme også på kveldstid i kirkens lokaler for eksempel mellom kl 19-21.



*Bønnelista* skriv også: «Digital forhåndsstemming gir betydelige økte kostnader i forbindelse med utvikling av programvare, sikkerhetsoppdatering og oppdatering av dette før hvert valg, samt et ekstra valgråd for hele landet.» Og dei konkluderer:

Det er ikke gunstig at kirken ledes av ledere som ikke brukerne kan identifisere seg med, som dette forslaget vil legge til rette for. Det gir ikke aktiv deltakelse i kirkens arbeid, men legger opp til at de helt uinteresserte lettvisst kan velge lederskapet i kirken. Vi kan ikke se at digitalt forhåndsvalg gir arbeidsbesparing lokalt, når det nødvendigvis også må være mulig å forhåndsstemme på papir. Digital forhåndsstemming gir også økt risiko for feilkilder og valgjuks for mange velgere i forhold til dagens valgordning og vi går bort fra prinsippet om hemmelig valg. Dette er kostbart og vil gi en unødvendig ekstrakostnad, der pengene heller bør brukes til kirkens medlemmers beste. På dette grunnlag vil *Bønnelista* anbefale å skrinlegge ideen om digital forhåndsstemming.

*Hamar bispedømmeråd* ber Kyrkjerådet vurdere om ein kan avgrense fysisk førehandsstemming ved neste val viss ein får til digital førehandsstemming som hovudordning. Dei skriv:

Ved kirkevalget i 2019 kom det en del kritikk fra de kirkelige fellesrådene for at det brukes store administrative ressurser på en forhåndsstemming som i liten grad ble benyttet av velgerne. Høringen legger ikke opp til at digital stemmegivning erstatter fysisk forhåndsstemmegivning, men kommer i tillegg til.

*Hamar bispedømmeråd* teiknar ut ein ordning der ein kan ha datamaskinar i vallokala i førehandsstemmeperioden. Vurdering av dette er tatt inn i punkt 3.1.3 Dei skriv så:

På den måten kan man ha heldigital forhåndsstemming og kun fysisk stemmegivning på selve valginget. Dette vil kunne gi en del administrative besparelser mht. stemmekonvolutter, manntall og sending av stemmer rundt i landet. De som da ønsker å forhåndsstemme, men ikke har bank ID eller annen tilgang til Altinn, må da henvises til å stemme på valgdagen. Dette er en radikal tanke, som vil kreve godt informasjonsarbeid i forkant. I 2023 vil antall stemmegivere som ikke har elektronisk ID i en eller annen form være enda lavere enn i dag. Det kan tenkes at man bør ha mulighet for fysisk forhåndsstemming på institusjoner, men kanskje bare det unntaket. Overgang til digital forhåndsstemming vil øke tilgjengeligheten for kirkevalg betydelig. Det viktigste for kirkevalgets legitimitet er valgdeltakelsen. Digitalisering vil sannsynligvis medføre økt valgoppslutning. For å redusere de administrative kostnadene for de kirkelige fellesrådene bør digital forhåndsstemming, med noen få begrensede unntak, være hovedtilbudet i perioden før selve valgdagen. Valginget må fortsatt være på papir for å gi alle muligheten til å delta.

*Borg bispedømmeråd* skriv:

Borg bispedømmeråd er opptatt av at forhåndsstemming blir enklere og mer tilgjengelig for alle medlemmer. Borg bispedømmeråd ønsker derfor at det i samband med digital forhåndsstemming også utredes mulighet for poststemmer.

I høyringa om overordna problemstillingar ved endring av kirkevalgreglene som er ute no er det også fleire høyringsinstansar som har meiningar om digital førehandsstemming. Denne høyringa har frist 30. november, og er difor ikkje fullført når dette saksdokumentet blir skriva. Det er likevel tatt inn nokre sitat frå dei svara som alt er kome inn her, fordi dei er relevante for denne saka.

Fleire uttrykker støtte til digital førehandsstemming mellom anna Bekkefaret menighetsråd og Spjelkavik sokneråd, som skriv:

Spjelkavik sokneråd mener det er SVÆRT VIKTIG å få på plass muligheten for digital forhåndsstemming.

Enkelte er også meir skeptiske. Vestvågøy kirkelige fellesråd skriv:

Det er tildels skepsis til elektronisk stemmegivning generelt. Utfordringen er å få til valg som ikkje påvirkes av andre enn den som stemmer. Frie og hemmelig valg vektlegges også ved kirkevalg ved at to skal være til stede. Hva som skjer når noen skal hjelpe til for å komme inn, eller en setter seg ned og påvirker en gruppe til å stemme samtidig. Det er all grunn til å vente til det eventuelt gjøres erfaringer i andre valg.

Fordi høyringsfristen ikkje har vore enda er det ikkje gjort noko oppteljing og samandrag av alle høyringssvara i denne høyringa.

### **2.3 Vurderingar**

I vurderinga av å starte eit prosjekt for digital førehandsstemming er det mellom anna lagt vekt på potensiale for auka valdeltaking og forenkling av valarbeidet lokalt. Viss ein god del stemmer blir gitt digitalt vil det gjere arbeidet med oppteljing av stemmer enklare. Desse stemmene vil kome ferdig telt til valstyra. Ein vil sannsynlegvis også få mindre arbeid med å handtere fysiske førehandsstemmer.

Kyrkjemøtet har tidlegare uttalt i høyringssvaret til trossamfunnsloven (KM-sak 10/18):

I et trossamfunn med mer enn 3, 7 millioner medlemmer, må valgene organiseres slik at flest mulig har en reell mulighet til å stemme ved kirkelige valg og slik delta i utøvelse av demokratiet.

I same dokument slår Kyrkjemøtet fast at det «(...) anser kirkelig stemmerett for alle døypte medlemmer fra 15 år som et viktig kjennetegn ved Den norske kirke som en demokratisk evangelisk-luthersk folkekirke» (KM-sak 10/18). Digital førehandsstemming vil bidra til at fleire får sjansen til å delta i valet. Digital førehandsstemming får også støtte frå dei aller fleste høyringsinstansane og det er difor naturleg å gå vidare med prosjektet.

Omfanget av fysisk førehandsstemming ligg utanfor denne saka. Det vil bli tatt opp i sak om overordna problemstillingar ved kyrkjevalet som kjem til Kyrkjerådet i januar, med sikte på behandling i Kyrkjemøtet i april 2021. Kyrkjerådet merker seg at mellom anna *Agder og Telemark* og *Møre bispedømmeråd* ser det som ein føresetnad at ein vidarefører fysisk førehandsstemming, medan *Hamar bispedømmeråd* spør om ein kan avgrense fysisk førehandsstemming til eit minimum.

Når det gjeld forslaget til *Borg bispedømmeråd* om å utgreie system for poststemmer er vurderinga at det vil vere mykje arbeid for relativt liten meirverdi. Det vil i

hovudsak vere eit alternativ til å stemme fysisk som tilsvarar digital førehandsstemming. Sidan forslaget er å satse på å få til digital førehandstemming er det ikkje sett som nødvendig å samtidig arbeide med poststemmer.

### 3 Forslag til reglar

Forslaget til reglar tek utgangspunkt i forskrift 19. juni 2013 nr. 669 om forsøk med internettstemmegivning under forhåndsstemmegivningen og elektronisk avkryssing i manntallet på valginget ved stortingsvalget i 2013.

Europarådet har laga ei tilråding til korleis digitale val skal gjennomførast for å sikre demokratiske prinsipp<sup>3</sup>. I forslaget til reglar er det tatt inn at denne tilrådinga gjeld så langt det passar. Det er gjort unntak for nokre få punkt. Det eine er at det digitale valsystemet skal innførast gradvis. Planen ved kyrkjevalet er å gjennomføre førehandsstemming for alle veljarane, ikkje berre for nokon få sokn som eit forsøk. Dei andre handlar om teknisk sertifisering og evaluering som legg opp til eit system som truleg er for omfattande for kyrkjevalet.

Digital førehandsstemming vil i utgangspunktet vere eit tillegg til fysisk førehandsstemming. Dei som av ulike grunnar ikkje vil eller kan stemme digitalt vil framleis kunne stemme på papir, både i førehandsperioden og på valdagen.

Fleire av høyringssinstansane uttrykker at dei er fornøyd med reglane, mellom anna *Åpen folkekirke* som skriv: «Åpen folkekirke er godt fornøyd med forslaget til regler som er lagt fram i kapittel 2 i høringsnotatet og har ingen konkrete forslag til endringer.»

*Stathelle menighetsråd* skriv at dei «har vurdert forslag til regler for digital forhåndsstemming, og vil uttrykke tilfredshet med forslaget.»

*Nord-Hålogaland bispedømmeråd* skriv: «Vårt inntrykk er at dette er gode og solide reglar for gjennomføring av digital røysting. Både tematikken og reglementet er svært teknisk, men slik vi forstår saka, er dette eit godt reglement.»

*Agder og Telemark bispedømmeråd* skriv: «Så langt vi kan se er det tatt høyde for en god og trygg organisering av det digitale forhåndsvalet gjennom det foreslåtte nye regelverket.»

*Hamar bispedømmeråd* og *Sør-Hålogaland bispedømmeråd* uttrykker også støtte til forslag til reglar.

#### 3.1 Hemmeleg val

##### 3.1.1 Forslaga i høringsnotatet

Den første paragrafen i kirkevalgreglene seier «Formålet med reglene er å legge forholdene til rette slik at medlemmene av Den norske kirke ved frie og hemmelige valg skal kunne velge sine representanter til menighetsråd, bispedømmeråd og Kirkemøtet.» (kirkevalgreglene § 1-1). Frie og hemmelege val er eit grunnprinsipp for valgjennomføring, også ved kyrkjevalet.

---

<sup>3</sup> Europarådets rekommandasjon CM/REK (2017) 5 om standarder for elektronisk stemmegivning. <https://rm.coe.int/0900001680726f6f>

I vallokala skal veljaren kunne gjere valet «i enerom og usett» (kirkevalgreglene § 9-4 (1)). Når veljarane kan stemme på internett kan ikkje valstyresmaktene kontrollere dette. Det er difor foreslått ein paragraf som seier at dette er veljaren sitt ansvar.

§ 8 (2) Kirkevalgreglene § 9-4 (1) gjelder ikke. I stedet gjelder: Velgeren skal selv påse at stemmegivningen gjennomføres usett av andre.

Sidan ein ikkje kan garantere at veljaren er aleine når han eller ho stemmer er det også lagt inn i reglane at ein skal kunne stemme digitalt fleire gonger. Det gjer at ein veljar som er blitt påverka til å stemme noko han eller ho ikkje ønska kan endre denne stemma på eit seinare tidspunkt. Det vil då vere den siste digitale stemma som er gjeldande.

§ 4 (2) Velger som har avgitt elektronisk stemme skal kunne stemme flere ganger, likevel slik at det kun er én stemme som godkjennes, jf. § 8.

§ 8 (7) En velger som har avgitt elektronisk stemme tidligere kan stemme på nytt elektronisk over internett. En velger som har avgitt elektronisk stemme kan ikke stemme på nytt med stemmeseddel av papir i et valglokale.

§ 8 (8) Dersom velgeren har avgitt flere elektroniske stemmegivninger, er det den sist avgitte stemmegivning som skal godkjennes.

Her er det gjort ei endring samanlikna med forskrift om forsøk med internettval ved stortingsvalet i 2013. Der kunne ein stemme på nytt på papir, både på førehand og på valdagen, og papirstemmene ville alltid vere dei gjeldande. Det vil ikkje vere teknisk og praktisk mogleg å ha denne regelen ved kyrkjevalet fordi den digitale førehandsstemminga vil vere heilt skilt frå det som skjer på papir. Det er mellom anna fordi det ikkje er digitale manntal i vallokalet på valdagen ved kyrkjeval. Viss ein veljar førehandsstemmer både på papir og digitalt vil den digitale stemma gjelde. Viss ein veljar som allereie har stemt digitalt møter opp for å stemme på valdagen vil han eller ho allereie vere kryssa av i manntalet, og kan difor ikkje gi ei ny godkjent stemme.

Det kan vere aktuelt for veljarar å stemme digitalt i eit vallokale. Viss ein veljar møter opp for å stemme i førehandsperioden kan valfunksjonæren gjere merksam på at det går an å stemme digitalt. Det er viktig å legge til rette for at veljaren ikkje opplever seg utsett for nokon form for påverknad. Det er difor tatt inn ein paragraf som seier at viss ein er i eit vallokale skal stemmegivinga skje i eit avlukke.

§ 8 (3) Hvis elektroniske stemmer skal avgis i kontrollerte omgivelser skal velgeren kunne gjøre sitt valg i enerom og usett. Der det har vært annonsert at det skal avholdes forhåndsstemming må velgeren alltid kunne avgi forhåndsstemme på papir.

Det er også viktig at veljarar som ønsker det får stemme på papir og ikkje blir pressa til å stemme digitalt. Det vil kome rettleiing på korleis digital og fysisk førehandsstemming skal gjennomførast.

For å sikre hemmeleg val er det viktig at systemet som vert nytta sikrar at ingen kan sjekke kva nokon har stemt. Difor er dette tatt inn som eit prinsipp i forslag til reglar. Det er også tatt inn noko om korleis dette skal løysast i praksis i § 9.

§ 4 (5) Utenforstående og valgmyndighetene skal ikke ha mulighet til å få kunnskap om hva den enkelte velger har stemt.

### 3.1.2 Synet til høyringsinstansane

*Åpen folkekirke* skriv:

Åpen folkekirke vil understreke at hensynet til frie og hemmelige valg er helt grunnleggende, men ser ut til å kunne ivaretas på en bra måte med de framlagte reglene. Vi vil samtidig minne om at evalueringer av kirkevalget har vist at dette hensynet i en del tilfeller har vært krevende å oppfylle ved tradisjonell gjennomføring av forhåndsstemming.

*Nord-Hålogaland bispedømmeråd* skriv:

§8, punkt 7 seier: «Hvis en velger avgir stemmegivning i forhåndsstemmeperioden både på papir og digitalt vil den digitale stemmen godkjennes». Dette framstår som eit potensielt svakt punkt i systemet. Det er viktig å implementere gode rutinar for å vaske listene for førehandsrøysting på papir opp mot dei som har førehandsrøysta digitalt. Det vert presisert i høyringsdokumentet at «Det vil kome rettleiing på korleis digital og fysisk førehandsstemming skal gjennomførast» og desse må innehalde gode rutinar for dette.

I høyringsdokumentet vert det problematisert at «ein ikkje kan garantere at veljaren er åleine når han eller ho stemmer» og at ein derfor har lagt inn mogelegheita for å stemme fleire gonger slik at «ein veljar som er blitt påverka til å stemme noko han eller ho ikkje ønska kan endre denne stemma på eit seinare tidspunkt» og at sist avlagte digitale stemme vert gjeldande. Her kan ein innvende at mogelegheita for at nokon vert pressa til å stemme noko ein ikkje vil, alltid vil vere tilstades ved digitalt val i ikkje-kontrollerte omgjevnader. Om nokon verkeleg vil presse andre til å stemme mot si overtyding, kan dei enkelt lese reglementet og presse vedkommande til å levere ei digital stemme rett før den digitale stemmegjevinga vert avslutta, utan mogelegheit for den pressa til å endre stemma.

Det er derfor eit spørsmål om ein skal ha denne mogelegheita i det heile, sidan ein ikkje sikrar seg mot slikt press men berre gjer det vanskelegare. Den einaste måten ein kan sikre seg heilt mot dette, er om ein lar papirrøyster har forrang over digitale røyster, og at ein lagar eit system som kan plukke ut slike røyster. Dette vil i såfall bli motsett av det §8, punkt 7 seier i forslaget. Ein kan også velje å godta denne risikoen for at nokre stemmer ikkje er levert fritt om ein meiner at digital førehandsrøysting er eit større gode enn den potensielle risikoen. Vi vil meine at sjansen for store misbruka av ordninga til å presse andre til å stemme mot si overtyding, er så minimal at godene med digital førehandsrøysting vert overveldande.

*Bjørqvin bispedømmeråd* skriv:

Ein risiko ved digitale val, er at ein kan frykta at medlemene ikkje stemmer heilt etter eigen vilje, men kan oppleve press frå personar rundt dei. Vi trur dette blir motverka så godt som mogeleg ved regelen om at ein kan stemma fleire gonger. For personar som ikkje klarer å stemma utan hjelp frå andre, vil ein likevel kunna risikere eit ufritt val. Alt i alt, trur vi reglane sikrar eit hemmeleg val på eit nivå som er godt nok.

*Bønnelista* skriv:

Digital forhåndsstemming gir flere muligheter for feilkilder og valgjuks. (...)

- Når stemmen avgis i Ukontrollerte omgivelser, altså uten valgfunksjonær til stede, åpnes det for muligheten for at noen blir tvunget av andre til å stemme mot sin vilje og overbevisning.
- Når stemmen avgis i Ukontrollerte omgivelser, altså uten valgfunksjonær til stede, går vi bort fra prinsippet om hemmelige valg.

*Hamar bispedømmeråd* skriv:

Et hovedprinsipp i alle typer demokratiske valg er at det er hemmelig valg. Ingen skal kunne vite hva velgeren stemmer. Det legges derfor til rette for at velgeren står alene inne i et valgavlukke og foretar sitt valg. Det gjør det i praksis umulig å selge og kjøpe stemmer, eller ha sosial kontroll over velgerens stemmegivning. Internettvalg utfordrer dette prinsippet ettersom valgmyndighetene ikke kan vite om noen tar kontroll på velgerens stemmegivning digitalt. Forslaget til regler legger således dette ansvar over på velgeren selv. Sikkerhetsmekanismen er å la velgeren stemme så mange ganger man vil, helt til tida er ute. Den siste stemmen vil være den som gjelder. Hvorvidt dette er tilstrekkelig for å være trygg på at frie og hemmelige valg gjennomføres for alle velgere er tvilsomt. Det er en risiko for at et lite antall velgere vil miste sin mulighet til å bestemme selv. Så spør det om man kan leve med en risiko for at et meget lite mindretall mister sin demokratiske frihet mot at det store flertallets mulighet til å øve innflytelse styrkes. En annen mulighet er å legge til rette for digital forhåndsstemming i kontrollerte omgivelser i et valglokale. Fordelen med dette vil være forenklet optelling, utfordringen er at det neppe vil øke valgdeltakelsen nevneverdig ettersom det vil kreve det samme mht. valgfunksjonærer, lokaler, åpningstider mv. som annen forhåndsstemming.

Eit anna tema fleire høyringsinstansar kjem inn på handlar om digital førehandsstemming i eit vallokale. Mellom anna skriv *Oslo bispedømmeråd*:

Oslo bispedømmeråd ber Kirkerådet utrede og komme med forslag til hvordan digital forhåndsstemming kan knyttes til de enkelte menighetene, for eksempel ved at det for de som ikke har eget datautstyr blir mulig å avgi digital forhåndsstemme via menighetens datautstyr. Det er viktig at det ved slik stemmegiving vektlegges at Særskilte regler om digital forhåndsstemming ved kirkevalg paragraf 8.3 følges.

*Agder og Telemark bispedømmeråd* skriv:

Det må være mulig med digital forhåndsstemming i et valglokale, i tillegg til at folk kan stemme digitalt gjennom egen PC.

*Tunsberg bispedømmeråd* skriv: «Og kanskje kan det bli mulig å stemme digitalt i valglokalet også.»

*Hamar bispedømmeråd* skriv: (...) det kan være mulig å se for seg at man henviser velgere som møter fysisk til forhåndsstemming til en datamaskin.

*Bønnelista* peiker på at det må sikrast at ein ikkje kan førehandsstemme både på papir og digitalt:

I forslag til Særskilte regler om digital forhåndsstemming ved kirkevalg § 4.2 og § 8.7 sier at det skal være mulig å stemme flere ganger elektronisk. Når en velger har forhåndsstemt på papir, må dette registreres elektronisk når

stemmen blir mottatt, slik at digitalforhåndsstemming ikke er mulig (jfr Forslag til Særskilte regler om digital forhåndsstemming ved kirkevalg § 8.7) Hvis det ikke legges opp til dette, må forhåndsstemmen på papir sorteres ut på et senere tidspunkt. Hvis det legges opp til både forhåndsstemming digitalt og på papir vil det uansett medføre merarbeid pga problemstillingen i dette punktet.

### 3.1.3 Vurderingar

Fleire høyringsinstansar trekk fram at digital førehandsstemming ikkje vil sikre hemmeleg val på same måte som val i eit vallokale og at det vil vere ein risiko for at enkelte veljarar vil kunne bli påverka til å stemme på noko anna enn dei eigentleg vil. Dette vil alltid vere eit svakt punkt i eit system der veljaren skal kunne stemme i ikkje-kontrollerte omgjevnader. Det å kunne stemme fleire gonger vil kunne bidra til at veljaren kan stemme på nytt viss han eller ho er blitt påverka. Som Nord-Hålogaland bispedømmeråd peikar på er dette likevel ingen garanti for at ein ikkje kan oppleve kontroll.

Ut frå spørsmålet om hemmeleg val spør Nord-Hålogaland bispedømmeråd om det kan vere mogleg å kunne levere ny stemme på papir som slettar ei eventuell digital stemme. Dette var sånn systemet var ved forsøket ved dei offentlege vala i 2011 og 2013. Problemet med det er for å få til at den fysiske stemma blir gjeldande må ein enten ha digitale manntal på valdagen i alle sokn eller ein må ha ein ordning for å kontrollere alle dei digitale stemmene mot manntalet manuelt etter valdagen.

Digitalt manntal i vallokala på valdagen er vurdert å vere for krevjande å få til no. Det vil vere svært dyrt og eit slikt system vil ha svært stor risiko knytt til seg. For at det skal kunne gjere at ein kan stemme på nytt på papir er ein også avhengig av at absolutt alle vallokale har digitale manntal. Det vil krevje store investeringar i utstyr lokalt. Ved kommuneval og Stortingsval har ein i mange år hatt system for digitalt manntal i vallokala, men det er framleis ein del kommunar som ikkje nyttar dette systemet og har manntal på papir.

Eit system det ein skal sjekke alle dei digitale stemmene mot manntalet etter valdagen vil krevje store ressursar i kvart sokn. Det vil også forsinke valresultatet og vere ei kjelde til moglege feil som kan gjere at nokon får stemme fleire gonger eller ikkje får stemme i det heile tatt

I Estland, som er eit av dei landa som har kome lengst med digital førehandsstemming, er systemet sånn at ein kan stemme på nytt på papir i førehandsstemmeperioden, men ikkje på valdagen. Dette er ei mellomløyising mellom sånn det blei gjort ved forsøket i 2011 og 2013 og sånn det er foreslått gjort ved kyrkjevalet. Det er også vurdert å vere for krevjande å få sjekka alle digitale stemmer mot eventuelle fysiske førehandsstemmer, ikkje minst fordi desse kan kome i posten i løpet av valdagen. Då vil ein igjen kome i ein situasjon der ein må gjere manuell kontroll etter valdagen før ein kan ha eit resultat.

Evalueringa av forsøket i 2013 fann at det var få veljarar som var kjent med tryggleiksmekanismen i at ein kunne stemme på nytt på papir. Dette var krevjande å kommunisere til veljarane, sjølv om det vart opplyst i samband med at ein ga stemme på internett.<sup>4</sup>

Trass utfordringane med at nokon kan bli påverka er dei positive sidene med digital førehandsstemming vurdert å vere så store at dei veg opp for dette. Systemet som er

---

<sup>4</sup> NOU 2020:6 Frie og hemmelige valg - Ny valglov s. 60

lagt opp til i reglane sikrar så godt det lar seg gjere at veljarane får gjennomføre hemmeleg val.

Når det gjeld spørsmålet frå fleire bispedøme om ein kan legge til rette for at folk kan stemme digitalt i eit vallokale i førehandsstemmeperioden er det ingenting i reglane som er til hinder for dette. § 8 tredje ledd presiserer korleis det kan skje. Viss ein skal stille ein datamaskin til disposisjon for dei som ikkje har med seg smarttelefon eller liknande så blir det viktig at ein lagar eit system der datamaskinen blir nullstilt mellom kvar veljar. Det vil komme rettleiing på dette.

Viss ein veljar har stemt både digitalt og på papir i førehandsstemmeperioden vil den digitale stemma gjelde, jf. § 8 sjuande ledd. Førehandsstemmer på papir skal alltid kontrollerast mot det fysiske manntalet. Dette skjer vanlegvis rett før valdagen (men det kan også skje etter valdagen viss stemma kom i posten på valdagen). Dei som har stemt digitalt vil allereie vere kryssa av i manntalet før det blir mogleg å skrive ut papirmanntal. Eventuelle førehandsstemmer på papir frå personar som allereie har kryss i manntal vil måtte bli forkasta. Det er difor ikkje nødvendig å føre nokon eiga oversikt over stemmene som er kome inn for dette.

## **3.2 Tryggleik og handsaming av personopplysningar**

### **3.2.1 Forslaga i høyringsnotatet**

For å kunne gjennomføre kyrkjeval digitalt er datatryggleik svært viktig. Dette handlar både om å sikre at informasjonen om veljarane blir handsama på ein sikker måte og at ein skal vere trygg på at valresultatet er rett.

I oppstarten av arbeidet med digitalisering av valet har det vore kontakt med fleire leverandørar av digitale valløysingar. Dette er system som har vore brukt av styresmakter og organisasjonar, og som sikrar trygg handsaming av informasjon og stemmer. Tryggleik vil vere eit sentralt kriterium i vurdering av ulike leverandørar.

Forslaget til reglar stiller krav til tryggleik på ulike område. For det første er det eit krav om at ein må ha pålogging på tryggleiksnivå 4 for å kunne stemme (det vil seie pålogging med BankID, BankID på mobil, Buypass eller Commfides). Det svarer til nivået for pålogging i medlemsregisteret og mi side på kyrkja.no i dag.

§ 4 (3) Det skal brukes en identifiserings- og autentiseringsløsning for pålogging til det digitale valsystemet på minimum sikkerhetsnivå 4.

Det er også lagt inn krav til korleis stemmene skal handsamast. Dette vil bli sikra gjennom kryptering av stemmene (sjå § 9). Når stemmene blir dekrypterte for å teljast vil dei vere skilt frå informasjonen om veljaren.

§ 4 (6) Det skal ikke være mulig for utenforstående, systemet og valgmyndighetene å endre en velgers stemmegivning uten at dette kan oppdages.

I arbeidet med tryggleiken blir internettvalstyret viktig for å sikre at systemet har høgt nok tryggleiksnivå og at det er testa godt nok.

For at det digitale valsystemet skal kunne handsame personopplysningar om veljarane er det nødvendig å ha eit handsamingsgrunnlag etter lov 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven) og EUs personvernforordning. Det er vurdert grunnlag for at handsaminga kan vere lovleg ut frå personvernforordninga artikkel 6. Her er det vurdert at nr. 1 bokstav e) «behandlingen er nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse eller utøve offentlig myndighet som den behandlingsansvarlige er pålagt» vil gjelde for



handsaminga av personopplysningar for gjennomføring av kyrkjevalet, også digitalt. Stemmerett ved kyrkjeval er regulert i lov 24. april 2020 nr. 31 om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven) § 13, reglar om kyrkjeval er forskrifter i forvaltningslovens forstand fastsett med heimel i trossamfunnsloven § 12 andre ledd og det blir lagt til grunn at Den norske kyrkja er eit offentleg anerkjend trussamfunn.

Sidan det vil bli handsama opplysningar av særlege kategoriar, om religion og politisk oppfatning, er det også vurdert grunnlag for handsaming etter personvernforordning artikkel 9. Her er det lagt til grunn at personvernforordning art. 9 nr. 2 bokstav d gjeld på grunn av Den norske kyrkja sin oppbygging og styringsstruktur. «"Behandlingen utføres av en stiftelse, sammenslutning eller et annet ideelt organ hvis mål er av politisk, religiøs eller fagforeningsmessig art, som ledd i organets berettigede aktiviteter og med nødvendige garantier, forutsatt at behandlingen bare gjelder organets medlemmer eller tidligere medlemmer eller personer som på grunn av organets mål har regelmessig kontakt med det, og at personopplysningene ikke utleveres til andre enn nevnte organ uten de registrertes samtykke.»

I samband med kjøp av digitalt valsystem og utvikling av dette vil ein rådføre seg med personvernombodet for Den norske kyrkja for å få vurdering av personvernkonsekvensar, jf. artikkel 35.

### **3.2.2 Synet til høyringsinstansane**

*Tunsberg bispedømmeråd* skriv:

Arbeidet med trygghet på alle plan blir helt avgjørende. Vi er fornøyd med at det legges opp til «identifiserings- og autentiseringsløsning for pålogging til det digitale valsystemet på minimum sikkerhetsnivå 4».

*Tunsberg bispedømmeråd* skriv: «Vi ser at internettvalgstyret blir viktig for å sikre at systemet har høyt nok sikkerhetsnivå og at det er testet godt nok. Vi vil tilføye «i god tid i forveien».»

*Møre bispedømmeråd* skriv:

Bispedømmerådet støttar at forslaget til reglar set sterke krav til datatryggleik og ein legg opp til at ein lyt bruke pålogging etter tryggleiksnivå 4 (pålogging med BankID). Vidare ønskjer ein å sikre at ein ikkje utfrå førehandsrøystene kan lese informasjon om veljarane. Dette kan ein oppnå ved å dekryptere dei digitale førehandsrøystene. Andre moglege personvernkonsekvensar vil bli konsultert i det vidare arbeidet.

*Bønnelista* skriv:

- Valgprogrammet kan hakkes av en person, som dermed kan endre stemmegiving for svært mange velgere -alle som har forhåndsstemt. Dette er mye vanskeligere med papirstemmer og et menneskes evt valgjuks vil gi en mer lokal effekt og dermed en betydelig mindre effekt på valgresultatet.

### **3.2.3 Vurderingar**

Dei fleste høyringsinstansane støttar at reglane legg opp til eit godt nok tryggleiksnivå. Det blir svært viktig at systemet blir sett opp på ein sikker måte og at det blir testa godt. For å sikre dette vil Kyrkjerådet involvere personar med kompetanse på tryggleik og personvern i arbeidet. I førebuinga av kjøp av system for

digital førehandsstemming vil det bli gjort risiko- og sårbarheitsanalyse og analyse av personvernkonsekvensar.

Det å gjennomføre digital forhåndsstemming vil gjere valg gjennomføringa meir kompleks. Det vil alltid vere ein risiko ved digitale system. Det kan skje feil i den ordinære valg gjennomføringa også, men i digitale system er det større fare for systematiske feil og at nokon vil gå inn for å påverke resultatet.

Vallovutvalet, som har greia ut ny vallov for kommuneval og stortingsval, har gjort ein vurdering av tryggleik ved internettval. Dei skriv mellom anna at det er vanskeleg å garantere at eit system er trygt. Ut frå dette skriv dei:

I praksis gir dette seg utslag i at sikkerheten til sist hviler på muligheten for å oppdage og respondere på angrep og å ha gode manuelle beredskapsrutiner og -tiltak. Denne erkjennelsen lå til grunn i det norske forsøket og i den estiske løsningen. Det kommer også til uttrykk i Europarådets anbefaling om elektroniske valg.<sup>5</sup>

Vallovutvalet konkluderer med at det ikkje bør innførast val på internett i Noreg no. Det er likevel ein stor forskjell på eit land og ei kyrkje. Det er også fleire andre land, som for eksempel Estland, som får til digital førehandsstemming. Vurderinga av nytta av å få til eit nytt system for førehandsstemming er også annleis ved kyrkjevalet, der ein ikkje har dei same ressursane som kommunane til å gjennomføre fysisk førehandsstemming.

I evalueringa av forsøk med val på internett ved stortingsvalet i 2013 kom det fram at det var stor tillit til valg gjennomføringa:

Mer substansielt er det altså fortsatt i 2013 slik at det store flertallet av de stemmeberettigede i forsøkskommunene er enig i at det bør være mulig å kunne avgi sin stemme via Internett. 94 prosent mener dette. Mer enn 8 av 10 uttrykker videre så stor tillit til teknologien at de mener at man kan stole på internettvalg, og selv når et grunnleggende prinsipp som hemmelig valg nevnes, er det mer enn 80 prosent som mener at dette ikke er en god nok grunn til ikke å innføre internettvalg. Omtrent samme andel er også uenig i at internettvalg er en trussel mot personvernet.<sup>6</sup>

Det er lagt inn ein tryggleiksventil i reglane, med eit internettvalstyre som kan stoppe den digitale førehandsstemminga viss dei ikkje opplever systemet som trygt nok.

Vallovutvalet trekk fram som eit negativt element ved val på internett at lokale valstyremakter må gje frå seg kontroll og mynde til eit nasjonalt organ, eit internettvalstyre og teknologiekspertar.<sup>7</sup> Men i samband med tryggleik kan det også reknast som ein positiv ting at systemet vil bli handtert nasjonalt. Det bidreg til at systemet blir mindre sårbart enn viss det skulle handterast av kvart sokn.

### **3.3 Informasjon til veljarane**

#### **3.3.1 Forslaga i høyringsnotatet**

Ei av tilrådingane frå Europarådet er: «All official voting information shall be presented in an equal way, within and across voting channels. (Europarådets

<sup>5</sup> NOU 2020:6 Frie og hemmelige valg - Ny valglov s. 59

<sup>6</sup> INTERNETTVALG - HVA GJØR OG MENER VELGERNE?, Seggaard mfl., Institutt for samfunnsforskning, Rapport 2014:07, s. 91

<sup>7</sup> NOU 2020:6 Frie og hemmelige valg - Ny valglov s. 61

rekommandasjon CM/REK (2017) 5 punkt 5). Det er altså viktig å sikre at veljarane får den same informasjonen uansett om dei stemmer på internett eller i eit vallokale. Spørsmålet om informasjon om lister og kandidatar er på høyring parallelt med denne høyringa, og det er difor ikkje tatt inn deltaljar om dette her. Det er tatt inn reglar om at informasjon til veljarane vil følge det som blir vedteke i kirkevalgreglene. Skal det vere presentasjon frå valrådet med informasjon om lister så blir det også tilgjengeleg for veljarane i samband med digital førehandsstemming. Skal ein bruke materiell frå listene i vallokala blir det også lenke til listene sine nettsider i samband med digital førehandsstemming.

§ 4 (7) I det digitale valgsystemet skal valglistene presenteres for velgerne i alfabetisk rekkefølge.

§ 7 Ved digital forhåndsstemming skal velgerne få informasjon om lister og kandidater som fastsatt i kirkevalgreglene.

### 3.3.2 Synet til høyringsinstansane

Tunsberg bispedømmeråd skriv: «For øvrig ser vi at reglene om informasjon til velgerne og publisering av resultatet ser ut til å ivareta det som er nødvendig.»

*Åpen folkekirke* skriv:

Åpen folkekirke er svært opptatt av at valgordningen forenkles slik at alternativene blir synlige og tydelige. I dette ligger det også at informasjonen til velgerne blir gjort tilgjengelig på en god og rettferdig måte. Åpen folkekirke mener at dette er ivaretatt på en tilfredsstillende måte i forslaget til regler. Samtidig vil en positiv tilleggseffekt av digital forhåndsstemming være at denne informasjonen er gjort tilgjengelig digitalt samtidig/parallelt med at man skal gjøre sitt valg.

*Møre bispedømmeråd* skriv: «Bispedømmerådet meiner er viktig å sikre at veljarane får same informasjon om valet, uavhengig om ein stemmer fysisk eller digitalt.»

*Bjergvin bispedømmeråd* skriv:

Informasjonen til veljarane skal vera lik for dei som stemmer digitalt og dei som stemmer på papir. Her er utfordringa å ha all informasjon klar i tide og at **dei som møter opp for å førehandsstemma på papir** skal ha like mykje og lett tilgjengeleg informasjon som dei som stemmer digitalt. Vår erfaring er at det var særst varierende kva informasjon som var tilgjengeleg i vallokalet. Dette var både fordi det var uklart kva ein hadde lov til å ha i vallokalet og fordi dei tre listene og valrådet i bispedømet leverte informasjon av ulike karakter og ulikt omfang. Etter vårt syn, bør omfanget og format på den offisielle valinformasjonen standardiserast, så kan heller kandidatane/listene produsera alt dei vil av informasjon i tillegg. Dette er synspunkt som også høyrer heime i høyring om overordna problemstillingar ved endring av kyrkjevalreglane, men vi meiner det er relevant her. Det er ei stor utfordring å finna plass til informasjon i vallokalet, og vi vil meine at den same informasjonen må vera tilgjengeleg ved førehandsstemminga som på valtinget, verken meir eller mindre.

*KABB* skriv:

I følge tall fra Norges Blindforbund har Den norske kirke om lag 200.000 medlemmer som lever med synstap. I tillegg kommer kirkemedlemmer med lesevansker, f.eks. dysleksi, som KABB også har som målgruppe. Basert på

tilbakemeldinger fra våre målgrupper har det gjennomgående ved kirkevalgene vært store mangler på tilrettelagt informasjon om valget, tilrettelagt informasjon om hvordan valget skal foregå og tilrettelegging av valglokaler og tilbud om bistand i valglokaler. (...)

En digital valgordningen vil kunne bidra til at syns- og lesehemmede kan delta på lik linje med andre kirkemedlemmer og bli demokratisk likestilte. I følge trossamfunnsloven har syns- og lesehemmede krav på slik likestilling knyttet til trosutøvelse.

Forutsetningen er da at den digitale løsningen som velges oppfyller kravene til universell utforming. KABB mener dette må på plass i anbudet som lyses ut, da det er svært viktig å jobbe med den universelle utformingen gjennom hele prosessen. Det er også viktig å velge løsninger og standarder som synshemmede valgdeltakere kan bruke ved hjelp av sine tekniske hjelpemidler.

Det må også inn i kravspesifikasjon og anbudsutlysningen at løsningen må gjennom brukertesting som en grunnleggende prosess i prosjektet. Vår erfaring er dessverre at selv om man overholder de grunnleggende kravene til universell utforming så er det ingen garanti for at det fungerer i møte med synshemmede brukere.

I tillegg til selve løsningen må det lages tilrettelagt informasjon knyttet til selve valget og gjennomføringen av dette.

KABB bidrar gjerne med vår kompetanse i disse prosessene.

### **3.3.3 Vurderingar**

Spørsmålet om informasjon om lister og kandidatar vil vere eit viktig punkt i Kyrkjemøtet i 2021 si handsaming av overordna problemstillingar ved kyrkjeval. Kyrkjerådet merker seg innspela om at det er viktig at denne informasjonen blir standardisert. Her må det arbeidast med ein plan og malar når Kyrkjemøtet i 2021 har handsama spørsmålet.

Kyrkjerådet ser svært positivt på innspela frå *KABB* og vil gjerne gjere nytte av deira kompetanse for å gjere det digitale valsystemet tilgjengeleg for flest mogleg. Brukartesting av systemet vil vere del av planen for prosjektet.

## **3.4 Gjennomføring av førehandsstemminga**

### **3.4.1 Forslaga i høyringsnotatet**

Det er foreslått at perioden for digital førehandsstemming blir frå 10. august kl. 09:00 til utgangen av onsdag før valdagen. Grunnen til å avslutte den digitale førehandsstemminga før fredagen før valdagen (når den ordinære førehandsstemminga sluttar) er at det må vere tid til å handsame dei digitale stemmene og importere til valmodulen i medlemsregisteret kven som har stemt. Dette må skje før valstyra lokalt skal skrive ut avkryssingsmanntal til bruk i vallokala. Då vil dei som har stemt digitalt allereie ha kryss i manntalet og vil ikkje kunne stemme på nytt. Viss dette ikkje blir gjort riktig risikerer ein at ein veljar kan stemme fleire gonger. Det må difor vere nok tid til å sikre at importeringa blir rett og at veljarane som skal ha det har fått kryss i manntalet.

Det må også vere nok tid til valstyra for å skrive ut avkryssingsmanntala. I mange sokn er dette ein stor jobb. Det er difor tenkt at torsdagen blir teknisk tid for Kyrkjerådet for import av kven som har stemt til valmodulen. Frå fredag morgon blir det opna for utskrift av avkryssingsmanntal. Då har sokna fredag og laurdag til å ordne dette før dei mange stader skal halde val på søndagen.

§ 8 (1) Velgere som ønsker det kan avgi stemme elektronisk over internett (ukontrollerte omgivelser) ved å logge seg på det digitale valgsystemet fra 10. august kl. 0900 til og med utgangen av onsdag før valgdagen.

### **3.4.2 Synet til høyringsinstansane**

Det er litt ulike meiningar i høyringa om når ein bør avslutte den digitale førehandsstemminga. *Tunsberg bispedømmeråd* meiner marginane som er lagt inn i forslaget til reglar er for knappe og foreslår at dette blir endra til søndagen ei veke før valdagen. Dei skriv:

Da vil internettvalgstyret få brukbar tid til det som omfattes av paragraf 9 og 10. Det er utrolig viktig med ryddig og korrekt overføring av resultatene fra opptelling av de digitale stemmene til de lokale valgstyrene og valgrådet i bispedømmene. Derfor mener vi at tidsmarginen bør endres.

*Åpen folkekirke* skriv:

Åpen folkekirke mener det i høringsnotatet er framført gode argumenter for hvorfor det bør være ulike tidspunkt for avslutningen av digital forhåndsstemming og den ordinære forhåndsstemmingen. Vi vil likevel påpeke at det det vil kunne ligge en pedagogisk utfordring i å skulle kommunisere to ulike tidspunkt.

*Møre bispedømmeråd* skriv:

Bispedømmerådet rår til at ein stenger høve til digital førehandsrøysting innan utgangen av onsdag før valdagen. Grunnen er å ein treng tid til å handsame røystene og importere til valmodulen kven som har røysta. Sidan ein ikkje har online tilgang til valmodulen i alle vallokale, lyt ein ha utskrift av oppdatert medlemsregister over kven som har røysta. Då får ein kontrollere at dei som har gitt digital førehandsrøyst ikkje får høve til å gi stemme på valdagen. Om denne kontrollen ikkje blir gjort rett, kan ein risikere at ein veljar får røyste fleire gonger.

*Bjergvin bispedømmeråd* skriv:

Ein annan positiv konsekvens av eit digitalt val, er at fristen for å førehandsstemma blir utsett for dei som ikkje er på heimstaden når dei stemmer. Dagens regelverk krev at ein må førehandsstemma i god tid for at stemmesetelen skal nå fram til heimesoknet før oppteljing.

*Bjergvin bispedømmeråd* skriv også:

Vi ser særleg to utfordringar for dei lokale valstyra/administrasjonane:

1. Tida mellom avslutninga av førehandsstemminga og utskrivinga av manntalet er kort. Det er lagt opp til at ein skriv ut alle manntalslistene med kryss for dei som har førehandsstemt på fredag og laurdag før valet. Det må for det eine ikkje vera råd å skriva ut slike lister før alle kryss er på plass (evt.

at utskrifta har eit tydeleg vassmerke el. likn. som viser at dei ikkje er gyldige), og for det andre må det informerast godt om fristar.

*Stathelle menighetsråd* skriv:

Vi vil imidlertid anbefale at bestemt dato (10.08) for start av forhåndsstemming sløyfes, og at det heller innarbeider følgende «varighet for forhåndsstemming er minimum tre uker og avsluttes onsdag før valgdagen». Så vidt vi kan se er ikke valgdagen (verken for det kirkelige eller borgelige valg) datofestet ut over «i løpet av september».

### **3.4.3 Vurderingar**

Å avslutte den digitale førehandsstemminga på onsdagen før valdagen er eit kompromiss mellom omsynet til nok «teknisk tid» til å klargjere manntala og skrive dei ut og omsynet til at veljarane skal få sjanse til å stemme lengst mogleg. Kyrkjerådet si vurdering er framleis at å avslutte denne dagen både sikrar nok tid til det praktiske og samtidig er mogleg å kommunisere til veljarane så dei rekk å få stemt. Her er det også verdt å merke seg innspelet frå Bjørgvin bispedømmeråd om at for alle som stemmer i eit anna sokn enn der dei er registrert busett vil dette vere ei utviding av tidsrommet for førehandsstemming samanlinka med reglane i dag.

Kyrkjerådet merkar seg at det er behov for tydeleg kommunikasjon om når ein kan skrive ut avkryssingsmanntal. Valmodulen vil også måtte vere sett opp så det ikkje går an å skrive ut manntalet før dei digitale stemmene er registrert.

Når det gjeld datoen for start av førehandsstemminga (10. august) så er denne fastsett i kirkevalgreglene § 9-1 første ledd. Dette er same dato som er fastsett i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven) § 8-1 første ledd. Det er naturleg at den digitale førehandsstemminga også startar den dagen, særleg av omsyn til kommunikasjon om førehandsstemminga.

## **3.5 Oppteljing og valoppgjer**

### **3.5.1 Forslaga i høyringsnotatet**

§ 9 og 10 i reglane handlar om dekryptering, oppteljing og valoppgjer. Her vil det vere svært viktig med ryddig overføring av resultata frå oppteljing av dei digitale stemmene til valstyra lokalt og valrådet i bispedøma for å sikre at desse stemmene blir telt med. Det er tenkt at resultatet av teljinga av dei digitale stemmene ved val til sokneråd blir lagt inn i valmodulen og blir tilgjengeleg for valstyra i det vallokala stenger kl. 21:00. Derfor er det lagt opp til at dekryptering og teljing av dei digitale stemmene må skje før dette. Sokn der vallokala stenger før 21:00 og som tel før dette vil då måtte vere klar over at dei må vente på dei digitale stemmene før dei har eit endeleg resultat.

Det er også tatt inn tilpassingar i reglane for godkjenning av stemmegivingar og stemmesetlar i § 9 så det passer for digitale stemmer.

### **3.5.2 Synet til høyringsinstansane**

Det var berre *Møre bispedømmeråd* som kommenterte på oppteljing og valoppgjer direkte. Dei skriv:

Bispedømmerådet støttar at ein tek sikte på å leggje inn dei digitale førehandsrøystene inn i valmodulen innan kl. 21.00 på valdagen, slik at dei er tilgjengelege ved oppteljinga. Om vallokalet stengjer før kl. 21.00, lyt ein vere

klar over at ein då lyt vente på dei digitale førehandsrøystene før ein gjer valresultatet kjent.

### **3.5.3 Vurderingar**

Sidan det ikkje har kome tilbakemeldingar på dette i høyringa er det ikkje foreslått endringar i desse paragrafane.

## **3.6 Publisere resultat**

### **3.6.1 Forslaga i høyringsnotatet**

Forslaget til reglar opnar i § 10 (4) for at ein kan publisere resultata av dei digitale stemmene etter 21:00 på valdagen. Det vil gjere det mogleg å få ein prognose på mandatfordeling allereie valnatta. Det er ikkje fastsett i reglane om Kyrkjerådet skal lage ein prognose eller berre gjere tala tilgjengeleg for andre som så kan lage prognosar. Det er også viktig å merke seg at kor representative dei digitale stemmene er for det endelege resultatet vil vere avhengig av kor stor del som stemmer digitalt. Det vil vi ikkje vite før sokna har rapportert kor mange papirstemmer dei har talt. Det kan også vere at dei som stemmer digitalt skil seg frå dei som stemmer på papir, og det kan også gjere resultata annleis enn det endelege resultatet.

### **3.6.2 Synet til høyringsinstansane**

*Tunsberg bispedømmeråd* skriv: «For øvrig ser vi at reglane om informasjon til velgerne og publisering av resultatet ser ut til å ivareta det som er nødvendig.»

*Bjergvin bispedømmeråd* skriv:

I avsnitt 2.6 drøftar ein publisering av førehandsstemminga. Ambisjonen er å gjera dette kl. 21.00 på valdagen, men i høyringsnotatet blir det samstundes advart mot å dra for raske slutninga mellom resultatet av førehandsstemminga og det endelege valresultatet. Uansett kva ein vel å setja som tidspunkt for offentleggjering av resultatet av førehandsstemminga, er det viktig at tidleg publiseringa ikkje blir eit mål i seg sjølv som framstår som viktigare enn hovudmålet om å gjennomføra eit rettferdig val på ein god måte og få fram ein tydeleg og korrekt informasjon om resultatet.

### **3.6.3 Vurderingar**

Forslaget til § 10 (4) opnar for at ein kan publisere resultata av dei digitale stemmene, men det er ikkje noko krav om at ein skal gjere det. Her vil ein måtte vurdere både kor mange som har stemt digitalt og kor sikre ein er på tala før ein eventuelt publiserer noko. Det vil vere nødvendig med både valfaglege og kommunikasjonsfaglege vurderingar her. Kyrkjerådet ser det likevel som positivt å ha opning for å gå ut med tal allereie valnatta.

## **3.7 Internettvalstyre**

### **3.7.1 Forslaga i høyringsnotatet**

Det blir foreslått eit internettvalstyre som skal sjå til at den digitale førehandsstemminga skjer på rett måte. Ved det ordinære kyrkjevalet er det valstyra lokalt og valråda i bispedøma som har denne rolla, men fordi det digitale valet vil styrast nasjonalt trengs det eit eige råd på nasjonalt nivå. Internettvalstyret skal ha fem medlemmer og blir sett ned av Kyrkerådet.

### **§ 5. Internettvalgstyret**

(1) Det oppnevnes et internettvalgstyre på nasjonalt nivå som skal påse at internettstemmegivningen og opptelling av internettstemmene skjer i henhold til regelverket. Kirkerådet oppnevner fem faste medlemmer og fem personlige varamedlemmer. Kirkerådet utpeker leder av internettvalgstyret.

(2) Internettvalgstyret skal:

- e) sørge for at kryptografiske nøkler behandles forsvarlig,
- f) sørge for dekryptering og opptelling av stemmer, jf. § 9 (3)
- g) undertegne protokoll, jf. § 10

(3) Internettvalgstyret kan, dersom en hendelse inntreffer som kan medføre at valget ikke kan gjennomføres i samsvar med regelverket, bestemme at velgerne ikke skal kunne avgi stemme over internett. Dersom det treffes slikt vedtak og det på dette tidspunktet er avgitt internettstemmer, tar internettvalgstyret stilling til om disse skal forkastes.

(4) Regler 14. november 1997 nr. 1541 for Kirkerådets virksomhet gjelder så langt de passer for internettvalgstyret.

(5) Kirkerådets sekretariat fungerer som sekretariat for internettvalgstyret.

### **3.7.2 Synet til høyringsinstansane**

*Tunsberg bispedømmeråd* skriv:

I forhold til internettvalgstyret mener vi at det bør utarbeides noen kriterier for hvem som kan/skal oppnevnes til dette av Kirkerådet. Vi vil tenke at fagkunnskap her er viktigere enn politisk ståsted.

Dei peikar også på at «Kostnadene til et internettvalgstyre kan sikkert reduseres ved at det bruker de digitale møteplassene i stor grad til sine møter.»

*Borg bispedømmeråd* skriv:

Med erfaringer fra mandat for valgråd og valgstyret bør det presiseres i eget punkt at internettvalgstyret skal påse at internettstemmegivningen og opptelling av internettstemmene skjer i henhold til regelverket.

Dei foreslår ein ny bokstav a) i § 5 andre ledd:

### **§ 5. Internettvalgstyret**

(2) Internettvalgstyret skal:

- a) påse at internettstemmegivningen og opptelling av internettstemmene skjer i henhold til regelverket
- b) sørge for at kryptografiske nøkler behandles forsvarlig,
- c) sørge for dekryptering og opptelling av stemmer, jf. § 9 (3)
- d) undertegne protokoll, jf. § 10

### **3.7.3 Vurderingar**

Spørsmålet om kriterium for oppnemning mv. vil bli handsama i sak om oppnemning av internettvalgstyret. Det er ikkje vurdert å vere nødvendig å ta dette inn i reglane.

Når det gjeld forslaget frå Borg bispedømmeråd er vurderinga at det er fornuftig å ta inn dette punktet i reglane. Det er ei nyttig presisering av ansvaret til internettvalgstyret. Ny bokstav a) er difor tatt inn i forslag til vedtak i denne saka.



### **3.8 Andre paragrafar**

I tillegg til dei paragrafane som er omtalt i punkta over, er det tatt inn regel om at informasjon om løysinga skal vere offentleg kjent § 4 (8), og at Kyrkjerådet har ansvar for at systemet er korrekt på plass og for eit tilpassa elektronisk manntal og stemmesetlar til den digitale stemmegivinga.

## **4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Kyrkjerådet legg til grunn at dei kyrkjelege vala vil bli finansiert på om lag det same nivået som i dag.

Finansiering av planlegging og gjennomføring av digital førehandsstemming er tatt inn i satsingsområdet digital kyrkje (sjå KR-sak 62/20).

Forslaget om eit internettvalstyre vil føre med seg kostnader til godtgjering og møte- og reisekostnader. Det vil også vere nødvendig med administrativ støtte til internettvalstyret frå kyrkjerådet sitt sekretariat.

Det vil bli gjort eigne analysar av risiko og sårbarheit og konsekvensar for personvern i prosjektet.

Det er eit mål at gjennomføring av digital førehandsstemming vil føre til mindre arbeid i valgjennomføringa lokalt.